



## STORTINGET

# Innst. 35 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:162 S (2023–2024)

**Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Andreas Sjalg Unneland, Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø om rammene for Etterretningstenesta**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa setta ned eit offentleg utval som ser på dei overordna politiske, organisatoriske og økonomiske rammene for norsk etterretningsteneste.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Trine Lise Sundnes, fra Høyre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schie Schou, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Senterpartiet, Marit Arnstad, Bengt Fasteraune og Ola Borten Moe, fra Fremskrittspartiet, Sylvi Listhaug og Morten Wold, fra Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, fra Rødt, Bjørnar Moxnes, fra Venstre, Guri Melby, fra Kris-

telig Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, og uavhengig representant Christian Tybring-Gjedde, viser til Representantforslag 162 S (2023–2024) fra Ingrid Fiskaa, Andreas Sjalg Unneland, Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø om rammene for Etterretningstenesta.

Komiteen er enige med forslagsstillerne at rikets sikkerhet er avhengig av at Etterretningstjenesten (E-tjenesten) har tillit blant innbyggerne, og at størst mulig grad av åpenhet er et positivt bidrag i så måte. Som forslagsstillerne peker på, har både verden og tjenestene endret seg de siste 40–50 årene.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt, viser til forsvarsminnerens brev til komiteen av 16. september 2024 hvor det orienteres om at rammene for E-tjenestens virke ble fastlagt ved Stortingets behandling og vedtak i Lov om Etterretningstjenesten så sent som 15. juni 2020. Videre opplyses at arbeidet med lovforslaget, deriblant tilrettelagt innhenting av grenseoverskridende elektronisk kommunikasjon, har vært gjenstand for en grundig prosess, med utredninger i flere omganger. Loven som trådte i kraft 2. september 2022 ble vedtatt etter offentlige høringsrunder og en bred faglig, offentlig og politisk debatt. Spørsmålene som representantene reiser i herværende forslag, var sentrale både i det forberedende arbeidet og i debattene i Stortinget den gang.

Komiteen understreker at formålet med loven er blant annet å sikre at E-tjenestens virke utøves i samsvar med menneskerettighetene og andre grunnleggende verdier i et demokratisk samfunn. Ved Stortingets behandling av Innst. 357 L (2019–2020) 11. juni 2020 ba Stortinget regjeringen sørge for en uavhengig evalu-

ring av loven om Etterretningstjenesten innen fire år fra full iverksetting. Forsvarsministeren opplyser til komiteen at denne evalueringen vil foreligge senest 2. september 2026.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt merkar seg at forsvarsministeren viser til Lov om Etterretningstjenesten, vedtatt for noko over fire år sidan. Desse medlemene meiner at det er ein styrke for Etterretningstenesta å ha brei tillit i fagmiljø og blant innbyggjarane. NOU-ar gir ofte godt grunnlag for breie faglege drøftingar. Forsvarskommisjonen av 2021 kunne vore eit godt utgangspunkt for drøfting av dei politiske, økonomiske og organisatoriske rammene for E-tenesta. Men der er E-tenesta dessverre berre omtalt i nokre få avsnitt. Den gjeldande etterretningslova var ein revisjon av dåverande lov frå 1998 og innebar ein gjennomgang og oppdatering av rettsgrunnlaget for Etterretningstenesta. Lovarbeidet var derfor ikkje forankra i ein brei fagleg diskusjon, som for eksempel ein NOU, men i eit høyringsnotat frå departementet.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti viser vidare til at høyringsdokumentet for etterretningstjenesteloven av 2020 er datert 12. november 2018, altså for seks år sidan. Den store endringa i den sikkerheitspolitiske situasjonen stiller i dag heilt andre krav til utforming og dimensjonering av forsvaret vårt enn den gongen. Forsvarsforliket i Stortinget er ein konsekvens av dette, og inneber mellom anna ein stor auke i løyvingane til etterretnings- og sikkerheitstenestene. Andre nyare utviklingstrekk er allierte statar si interesse i å etablere basar og aktivitet på norsk jord, og press på norsk deltaking i militæraktivitet langt utanfor norsk territorium – som Stillehavet. Ein ny sikkerheitspolitisk situasjon krev også eit nytt blikk på Etterretningstenesta, basert på eit breitt fagleg grunnlag og ein open debatt.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt meiner det er ei stor svakheit at vi i løpet av alle desse åra ikkje har hatt ein overordna og grunnleggande debatt om Forsvarets etterretningsteneste. Med forslaget, som fremmet i Dokument 8:162 S (2023–2024), om at:

«Stortinget ber regjeringa setta ned eit offentleg utval som ser på dei overordna politiske, organisatoriske og økonomiske rammene for norsk etterretningsteneste.»

ønskjer desse medlemene å styrka dei demokratiske folkevalde sin informasjon om, kontroll med og engasjement for etterretningstenesta vår. Desse medlemene understrekar at det med den gjeldande

lova er ei rekke uavklarte spørsmål som eit offentleg utval bør drøfta:

- I kva grad tenesta er under nasjonal kontroll.
- Om finansieringa av E-tenesta skal følgja Stortinget sitt løyvingreglement, som fastslår om statsbudsjettet at «budsjettet skal inneholde alle statlige utgifter og inntekter knyttet til virksomheter og tiltak som får sine utgifter og inntekter fastsatt ved Stortingets bevilgningsvedtak».
- Kontrollmodellen med Stortinget sitt kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og sikkerheitsteneste (EOS-utvalet).
- Stortinget sin funksjon. Utvalet bør vurdere korleis Stortinget kan involverast betre i viktige saker som gjeld E-tenesta.
- Om Noreg har tilstrekkeleg kontroll med korleis innsamla data blir brukt.
- Samarbeidet mellom PST og E-tenesta, mellom anna i lys av 25. juni-utvalet sin rapport.
- Korleis ein kan få større openheit om E-tenesta, i tråd med utviklinga i USA og Storbritannia.

Desse medlemene vil vidare peika på at det kan vera ein vinn-vinn-situasjon dersom ein kombinerer eit slikt utval med at det same utvalet står for den tidlegare vedtatte uavhengige evalueringa av etterretningslova.

Desse medlemene viser til at forsvarsministeren i brevet sitt opplyser:

«Det er også langvarig praksis for at forsvarsministeren årleg orienterer Stortingets president om E-tenestas virke. Det har dei siste åra vore vanleg at stortingspresidenten mottar orienteringa på vegne av Stortinget, med leiinga i Stortingets utanriks- og forsvarskomite til stades. I tillegg deltar riksrevisor som ansvarleg for revisjonen av rekneskapen til E-tenesta.»

Dette inneber at det er etablert eit eige kontaktpunkt med Stortinget framfor å gi informasjon rett til fagkomiteen. Det svekkar stortingsrepresentantar si moglegheit til å utføra det folkevalde oppdraget sitt.

Desse medlemene vil samtidig understreka at parlamentarisk styring handlar om meir enn å gi informasjon til eit fåtal stortingsrepresentantar, og at kunnskap føreset meir enn einvegsinformasjon. Etterretningstenesta er ein svært viktig del av det norske militære forsvaret som Stortinget – ved fagkomiteen – skal ha innsyn i, ha engasjement for, og ta ansvar for.

Desse medlemene fremmer derfor desse forslaga:

«Ordninga der stortingspresidenten, på vegner av Stortinget, årleg møter forsvarsministeren for å bli orientert om verksemda til E-tenesta, vert avvikla. Orienteringa blir heretter gitt til utanriks- og forsvarskomiteen.»

«Stortinget ber regjeringa setta ned eit offentleg utval som ser på dei overordna politiske, organisatoriske og økonomiske rammene for norsk etterretningsteneste.»

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Raudt:

#### Forslag 1

Ordninga der stortingspresidenten, på vegner av Stortinget, årleg møter forsvarsministeren for å bli orientert om verksemda til E-tenesta, vert avvikla. Orienteringa blir heretter gitt til utanriks- og forsvarskomiteen.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringa setta ned eit offentleg utval som ser på dei overordna politiske, organisatoriske og økonomiske rammene for norsk etterretningsteneste.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Framskrittspartiet, Venstre, Kristelig Folkeparti og uavhengig representant Christian Tybring-Gjedde.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:162 S (2023–2024) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Andreas Sjalg Unneland, Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø om rammene for Etterretningstenesta – vedtas ikke.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 5. november 2024

**Ine Eriksen Søreide**

leder

**Trine Lise Sundnes**

ordfører



**DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT**

*Statsråden*

STORTINGET

Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/03469-2

16.09.2024

## **Representantforslag om rammene for Etterretningstenesta**

Eg viser til brev av 15. august 2024 om Dokument 8: 162 S (2023-2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Andreas Sjalg Unneland, Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø, om rammene for Etterretningstenesta. Utanriks- og forsvarskomiteen ber om mi vurdering av forslaget.

Etterretningstenesta (E-tenesta) er Noregs sivile og militære utanlandsetterretningsteneste, og har som oppgåve å innhente informasjon om utanlandske truslar og andre forhold av betydning for rikets sikkerheit. Utanlandsetterretninga må skiljast frå innanlandsetterretninga, og ansvaret knytt til indre truslar i og mot Noreg, som PST ivaretar. For å kunne beskytte Noreg mot truslar frå utlandet, må E-tenesta innhente informasjon om utanlandske forhold på ulike måtar.

Som representantane påpeiker har både verda og tenesta endra seg dei siste 40-50 åra. Den teknologiske utviklinga inneber at mogleghetene til å innhente informasjon har endra seg og blitt betra. Samtidig har utviklinga gjort oss meir sårbare for angrep, spionasje, sabotasje og manipulasjon. Den teknologiske utviklinga og ein spent sikkerheitspolitisk situasjon gjer at det blir stilt store krav til E-tenesta. Desse faktorane, saman med større krav om openheit og betre personvern, var viktige årsaker til at arbeidet med ei ny etterretningstenestelov blei igangsett i 2017. Rammene for E-tenestas virke blei fastlagde ved Stortingets behandling og vedtak av lov om Etterretningstjenesten 15. juni 2020. Arbeidet med eit lovforslag, deriblant også for tilrettelagt innhenting av grenseoverskridande elektronisk kommunikasjon (forkorta «tilrettelagt innhenting»), hadde då vore i gang i fleire år og lovproposisjonen var resultat av ein lang og grundig prosess med utgreiing i fleire omgangar. Lova, som tredde i kraft i sin heilskap 2. september 2022, blei vedtatt etter offentlege høyringsrundar og ein brei fagleg, offentlig og politisk debatt. Spørsmåla representantane reiser var sentrale både i det førebuande lovarbeidet og debattane i Stortinget. Føremålet med lova er blant anna å sikre at E-tenesta sitt virke blir utøvd i samsvar med menneskerettane og andre grunnleggande verdiar i eit demokratisk samfunn.

Ved Stortingets behandling 11. juni 2020 av Innst. 357 L (2019-2020) til Prop. 80 L (2019-2020) og lovvedtak 134 (2019-2020), bad Stortinget regjeringa sørge for ei uavhengig evaluering av



etterretningstenestelova innan fire år frå full iverksetting. Evalueringa vil føreligge seinast 2. september 2026.

Som følge av dommar i den Europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) og EU-domstolen tredde endringar i etterretningstenestelova i kraft 1. oktober 2023. Endringane bidrog til ytterlegare rettssikkerheitsmekanismer i lova, og sikrar at verksemda til E-tenesta skjer i samsvar med dei internasjonale pliktene våre. Blant anna blei det innført domstolskontroll i fleire ledd av tilrettelagt innhenting. Den doble domstolskontrollen før informasjonen kan bli brukt i etterretningsproduksjon er så vidt eg kjenner til blant dei strengaste i Europa. Dette viser det strenge kontrollregimet som verksemda til E-tenesta, og særleg tilrettelagt innhenting, er underlagt.

Eg tar på stort alvor spørsmåla som representantane stiller. Eg meiner etterretningstenestelova legg til rette for at E-tenesta kan avdekke og avverje alvorlege truslar mot Noreg samtidig som den ivaretar den enkelte sine menneskerettar. Med dei strenge reglane for førehandsgodkjenning og kontroll knytt til tilrettelagt innhenting, har ein funne ein god og balansert måte å ivareta nasjonal sikkerheit på. Eg meiner det norske systemet for tilrettelagt innhenting av grensekryssande elektronisk kommunikasjon ligg trygt innanfor rammene som er trekte opp av EMD i nyare rettspraksis. EMD har også uttalt at slik informasjonsinnhenting er av avgjerande betydning for å identifisere truslar mot nasjonal sikkerheit.

Eg ønsker å presisere at innhenting overfor folk i Noreg eller for politiføremål, ligg utanfor E-tenestas samfunnsoppdrag. Dette territorialforbodet avgrensar dei sentrale delane av E-tenestas virke til utanlandske forhold, og har samanheng med ansvarsdelinga mellom E-tenesta og PST. Tenestene er vesensforskjellige i kraft av å vere innanlands- og utanlandstenester, og som følge av at E-tenesta også er ei militær etterretningsteneste med ansvaret som følger med det. Dagens regelverk angir på ein god måte rammene for PST og E-tenesta sine ansvarsområde. Grensesnittet mellom dei to tenestene blei grundig belyst i arbeidet med etterretningstenestelova. Informasjonsutvekslinga mellom E-tenesta og PST er regulert i instruks om samarbeidet mellom E-tenesta og PST. Instruksen angir samarbeidsområde, betydninga av nærleik og tillit, samt reglar om utveksling av informasjon. Samarbeidet har utvikla seg i både breidde og djupne dei siste 20 åra, og blir utøvd i fleire ulike samarbeidsmekanismer som Felles etterretnings- og kontraterrorsenter, Felles cyberkoordineringssenter og Nasjonalt etterretnings- og sikkerheitssenter. Det er tett kontakt mellom tenestene på alle nivå innanfor ramma av ein eigen samvirkeplan.

For at E-tenesta skal kunne gjennomføre samfunnsoppdraget sitt, må verksemda i stor grad vere skjerma. Særleg viktig er det at tenesta sine metodar, kapasitetar og aktivitetar blir skjerma. Eg er opptatt av at kontroll er avgjerande for å skape og oppretthalde legitimitet for, og tillit til, E-tenesta. Det stortingsoppnemnde EOS-utvalet kontrollerer tenestene på vegner av samfunnet. EOS-utvalet er oppretta nettopp for dette føremålet og har ekspertisen, kompetansen og heimelsgrunnlaget for det. EOS-utvalet har vid innsynsrett i dei hemmelege tenestene sine arkiv og register, samt i informasjon som blir delt mellom tenestene. EOS-utvalet fører også løpande kontroll med etterlevinga av reglane for tilrettelagt innhenting. I tillegg til EOS-utvalet blir verksemda til E-tenesta kontrollert av fleire instansar. Riksrevisjonen reviderer E-tenestas rekneskap på vegner av Stortinget. For å ivareta dei særskilte skjermingsbehova

som knyter seg til tenestas virke, blir revisjonen gjennomført av utpeikte personar i Riksrevisjonen med nødvendig sikkerheitsklarering og autorisasjon. Desse har innsyn i alle delar av tenestas økonomiske virke. Vidare kan domstolane behandle søksmål mot staten om E-tenestas virke på vanleg måte, og utføre kontroll med tilrettelagt innhenting. Til illustrasjon er det for tida eit søksmål for Oslo tingrett som gjeld nettopp etterretningstenestelova.

Etterretningstenestelova fastslår at E-tenesta er ei nasjonal teneste og at den skal vere under nasjonal kontroll. Dette er ikkje til hinder for at tenesta deler informasjon med- og samarbeider med andre land. Slikt samarbeid er viktig for arbeidet til E-tenesta og bidrar til å styrke informasjonsgrunnlaget for norske myndigheiter. Etablering av samarbeid og avtalar med utanlandske tenester eller internasjonale organisasjonar blir vedtatt av Forsvarsdepartementet (FD). FD har ansvaret for den forvaltningsmessige styringa og kontrollen av E-tenesta. Dette ansvaret blir ivaretatt gjennom fastsetting av overordna styringsdokument, avgjerder i saker E-tenesta plikter å legge fram for FD samt gjennom Koordineringsutvalet for E-tenesta der Riksrevisjonen er representert. Instruks for Koordineringsutvalet er ugradert. Styringa av E-tenesta blir gjennomført i tråd med prinsippa for økonomi- og etatsstyring i staten.

Det er også langvarig praksis for at forsvarsministeren årleg orienterer Stortingets president om E-tenestas virke. Det har dei siste åra vore vanleg at stortingspresidenten mottar orienteringa på vegner av Stortinget, med leiinga i Stortingets utanriks- og forsvarskomite til stades. I tillegg deltar riksrevisor som ansvarleg for revisjonen av rekneskapen til E-tenesta. Det er med andre ord eit vel etablert kontrollregime knytt til E-tenestas virke, der også den parlamentariske kontrollen er godt ivaretatt. Seinast ved Stortingets behandling av Prop. 87 S (2023-2024) Forsvarsløftet – for Norges trygghet, blei utviklinga av Etterretningstenesta vedtatt av Stortinget.

I tråd med samfunnsutviklinga har det dei siste åra vore stor utvikling i openheita om rammene for styring og kontroll av E-tenesta. Etterretningstenestelova regulerer tenestas virke detaljert, og regelverk som tidlegare var graderte er no innarbeidde i lova. E-tenesta har sjølv vore ein pådrivar for større openheit, blant anna gjennom publiseringa av den årlege ugraderte trusselvurderinga Fokus sidan 2010. Vurderingane i denne publikasjonen kjem samfunnet til gode og bidrar til openheit om kva norske myndigheiter baserer seg på av etterretningsinformasjon når viktige avgjerder blir tatt. Denne openheita er supplert med pressekonferansar og at tenesta er tilgjengeleg for media på måtar som var utenkelege for 20 år sidan. Denne openheita er også reflektert i E-tenestas openheit om særleg sensitive forhold knytt til omstenda rundt 25. juni angrepa. E-tenesta søker å vere så open som mogleg for at befolkninga skal kunne ha tillit og forståing for at den, for å kunne utøve oppdraget sitt, også i nødvendig grad må skjerme metodar og verkemiddel.

På denne bakgrunnen er det mi vurdering at Dokument 8 forslaget frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Andreas Sjalg Unneland, Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø om dei overordna politiske, organisatoriske og økonomiske rammene for norsk etterretningsteneste ikkje bør takast til følge.

  
Bjørn Arild Gram



